



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr 4

Jol 2019

76. årgang



Vinterdag på Bjørgi ved Sandnesfjorden

Foto: Tone Norgarden Gakkestad

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt v. Kjell Steinbru	s. 2
Song og musikk-kveld i Bygland kyrkje	s. 3
Arvesong med Sveinung Hølmebakk	s. 4
Tur til Wien	s. 5–7
Avskjed med det gamle soknerådet og velkomen til det nye	s. 8
Jolekonsertar.....	s. 9
Årets konfirmantar.....	s. 10
Takk til Knut Gakkestad og Gunnar Gautland.....	s. 11
Konfirmanttur.....	s. 12
Smørbukk til jol	s. 13
Gudstenesteliste, førjolssamling og basar	s. 14
Kontaktinformasjon, kompebasar og ny prostidiakon	s. 15

Den største folketeljinga

Andakt ved sokneprest Kjell Steinbru

«I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.» Ja slik begynner jolevangeliet. Keisar Augustus sat i dei dagane i Roma og var øvste leiar for det mektige romarriket. I hans tid la romarane under seg stor landområde ikring Middelhavet. Ja, heilt opp til Skottland, det som dei på den tida kalla Caledonia.

Og no ville Augustus telje kor mange menneske han herska over. Det som dei kalla «heile verda» var dei landområdene han hadde lagt under seg. Mellom dei var også det landområdet der Jesus vart fødd, det bar namnet Judea.

Eg hugsar framleis ei folketeljing som var her i vårt eige land. Det var i 1960. Da var eg fire år gammal. Ettersom eg kan minnast, var mannen som kom og banka på døra ikledd ein brun lagerfrakk. Han hadde med seg papir i dokumentveska si som han noterte på. Da han skulle telje meg ville eg sjølv seie kva eg heitte, og når eg var fødd, for det kunne eg. Men mannen ville ikkje høyre på det, mamma måtte seie det.

No kan eg i etterkant lese at han også spurde om vi hadde bil eller telefon på den tida. Men det hadde vi ikkje. Ikkje fjernsyn heller for den saks skuld. Tenk kor tidene har endra seg!

Den folketeljinga som var på Jesu tid var meir komplisert. For å gjere det lettare å telja i den tida, måtte dei alle reise heim, kvar til sin by. Josef var av Davids hus og ætt. Men han og Maria budde no i byen Nasaret i Galilea. Josef og Maria måtte difor reise opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem. Det er i følgje Google Maps ein fottur som skal ta 33 timer. Det må ha vore ei strevsam reise med fleire

overnattingar på vegen for Josef og Maria.

Men så vart Josef og Maria tald i Betlehem. Og så, medan dei var der, så kom tida då Maria skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var i slike omstende Jesus kom til jord. Her venta det ikkje noko keisarleg palass, sånn som keisar Augustus hadde. Det venta dei eigentleg ingenting. Ikkje ein gong eit husrom eller ei fødestove var å oppdrive. Dei fekk ta til takke med ein stall. Så vart vår Herre og frelsar sin ankomst til jord i dei enklaste kår. Kaldt, mørkt og ureinsleg kan vi lett førestille oss at det var.

Men den som kom til verda så enkelt og stille, var vår frelsar. Verdass frelsar. Og engelen forklarte alt til gjetarane der ute på markene: «*Han er Messias, Herren.*»

Den som var fødd på denne måten var likevel større enn sjølvaste keisar Augustus. Jesus er «*Kongen over kongane og herren over herrane*» som det står i openberringsboka. For den som kom og vart fødd var av Gud sjølv. Av same vesen som Gud som det heiter.

Som vi skjønner har det vore mange slags folketeljingar opp gjennom tidene. No reiser det ikkje lenger nokon rundt i by og bygd i Noregs land og teljar folket. No har vi eit sentralt folkeregister. No sit Skatteetaten på ei mengd opplysningar om oss. Vi har alle fått eit personnummer som syner kven vi er til skilnad frå ein som kanskje har det same namnet.

Men det finnes ei anna folketeljing

som overgår alle andre. Det er den folketeljinga Gud held. Gud teller oss. Og sjølv om vi er utruleg mange menneske her på vår arme jord, så held Gud eit rekneskap med oss, kvar einskild av oss.

Til profeten Jesaja seier han: «Sjå, eg har teikna deg i hendene mine.» Så stor og mektig er Gud, ja ikkje berre det. I den siste boka i bibelen, Openberringsboka, kan vi lese at Gud har ei bok, Livsens bok: «*Den som sigrar, skal bli kledd i kvite klede, og eg skal aldri stryka namnet hans ut av livsens bok, men kjennast ved namnet hans for Far min og englane hans.*» (Op. 3,5). Der står namnet vårt oppskrivne, dei som trur på Hans namn.

Gud kjenner oss og elsker kvart einskild av oss menneske med ein evig kjærleik. Han har talt oss, ser til oss og kjenner oss ved namn.

Til Moses hadde Gud denne bodskapen som han skulle forkynne til folket: «*For Herren dykkar Gud er Gud over alle gudar og Herre over alle herrar, den store, mektige og skremmande Gud som ikkje gjer skilnad på folk, og som ikkje lét seg kjøpa. Han gjer rett mot farlause og enkjer, og han elsker innflyttarane i landet, så han gjev dei mat og klede.*»

I jula har vi innsamling til Kirkens Nødhjelp i kyrkjene våre. Om de ikkje kjem til kyrkja i jola kan de likevel vippse ei gåve til dei som ikkje har nok mat eller klede, eller reint vatn, ved å sende eit beløp til Vippsnummer 545689, eller gje 200,- kroner ved å sende ein SMS med kodeord GAVE til 2426.

Så vil eg til sist berre ønskje alle lesarar av kyrkjebladet i Bygland ei vel-signa jolehøgtid.

Song og musikk-kveld i Bygland kyrkje

Tekst: Olav Nilsen. Foto: Olav Nilsen og Tone Gakkestad



Wigdis Trøim

Fredag 18.oktober hadde me ein gild song- og musikk-kveld i Bygland kyrkje.



Charlie Blackwater

Godt og vel 40 menneske fann vegen til kyrkja denne kvelden, og skapte god stemning og høgtidsfull atmosfære saman med Vonheimkoret, Wigdis Trøim, Charlie Blackwater og Hans Jurgen Wiehe.

Vonheimkoret innleia med 3 sanger, deretter slapp radarparet Charlie Blackwater og Hans Jurgen Wiehe til.

Det var første gong dei spela saman, men det vert garantert ikkje den siste gongen!

Hans Jurgen spela både piano og orgel, medan Charlie akkompagnerte han på munnspele sine, og det skapte ei heilt magisk stemning, spesielt då eit av verdas minste instrument tona saman med eit av verdas største instrument oppe frå galleriet!

Wigdis Trøim byrjar og å bli varm i trøya på Bygland, der ho to somrar på rad har spela og sunge på Bibel- og natucampen på KVS Bygland.

Ho har ein djup varm stemme, og vartar opp med eit glitrande gitarspel av dei sjeldne medan ho spelar og syng dei gode gamle bedehus-songane. Ho heldt og ein fin andakt for oss.

Til sist vart alle utøvarane og publikum takke hjarteleg for ein fin kveld, og då må eitt namn nemnast særskilt, og som ein ofte gløymer: Teknikaren Vidar Frøysnes!

Trufast stiller han opp gong etter gong når me har konsertar i kyrkja, alltid like velvillig og like profesjonell i alt han gjer!

Det fortener han stor takk for!

Det vart elles lagt att ein god kollekt som gjeng til nye teppe i kyrkja.

Alt i alt ein gild kveld som endå fleire skulle ha fått del i.



Vonheimkoret

Men no delar vi den her!



Hans Jurgen Wiehe og Charlie

Arvesong med Sveinung Hølmebakk

Tekst og foto: Olav Nilsen

Laurdag 9.november, på 30-årsdagen for murens fall i Berlin, vart vakre Bygland kyrkje atter ei gong fylt opp av eit stort publikum som kom for å høyre den kjende songaren Sveinung Hølmebakk.

For mange er han kan hende mest kjent frå gruppa "Nordic Tenors", og for deltaking i ei rekke TV-program som Beat for Beat, Ti på Topp, Sommaråpent og liknande. Sveinung Hølmebakk har mastergrad i utøvande song frå Griegakademiet i Bergen, og har studert musikkvitenskap ved NTNU Trondheim og Universitetet i Bergen,

Men for ei fullsett Bygland kyrkje var han først og framst ein enkel landsens gut frå Karmøy som vaks opp med Dei Frie Vener og bedehuset som næraste nabo, og som alt som 15-åring turnerte som pianist for Arne Gundersen og Egil Solheim på utallege vekkingsmøte i bygd og by.

Sveinung Hølmebakk har både god song og mykje humor med seg i bagasjen. Det fekk me ein liten smakebit på då han tok eit vers av "Songen i teltet", ein knakande god parodi på Arne og Egil sine mange teltmøtekompanjer. Historia vil elles ha det til at Arne Gundersen etterpå ringte han og sa: "Du er tilgitt!"

Sveinung leia oss gjennom to avdelingar med kjente og kjære bedehus- og vekkelsessongar som dei fleste med bakgrunn i bedehus og frikyrkjer kjenner seg svært godt att i, og gjerne stemmer med på. Med andre ord mykje god "Arvesong" i ordets beste forstand!

Så hadde han då og eit "potpuri" av fellessongar alle kunne vera med på, og då lojma allsongen høgt og sterkt i Bygland kyrkje.

I pausen var det god tid til ein drøs og ein kaffikopp, og mange kjente var å treffa på frå fjern og nær. I tillegg var det sal av dei mange CD'ane Sveinung Hølmebakk har gjeve ut, visstnok ein i året dei siste ti åra!

Fire staute damer frå Evjeklinikken sat på ei av dei framste radene, og var svært godt nøgde med kvelden. Dei kom heilt frå Gjøvik og Fredrikstad, og var så takksame for ein strålande konsert i ei av dei vakraste kyrkjene dei nokon gong hadde vore i.

Og så følte dei seg så velkomne!

Vår alle kjære Harry Andersen avslutta kvelden med å overrekke Sveinung eit par ullsokker av beste kvalitet, strikka av Merete Abusland Nilsen. Dei vekte stor glede hos songaren!



Tur til Wien

Tekst: Svein Kleivane. Foto: Olav Nilsen og Tone Nørgarden Gakkestad

"Ja, slik kan det gå her i verda, når berre ein stakkar kjem ut", skriv Jakob Sande.

Og det var eit fortvila forsøk på å utvide sin kulturelle og musikalske horisont, at ein del av Vonheimkoret og dei kyrkjeleg tilsette tok ein helgetur til Wien i byrjinga av september. Marja-Leena Steinbru har budd i byen i mange år, og saman med sin kjære ektemann, soknepresten vår Kjell Steinbru, kjenner dei byen ut og inn, og fungerte difor som eksellente guidar.

I Wien møtte me og våre tysk-norske vener Hans Jurgen og Karin Wiehe som hadde sett seg på toget heilt frå Verden i Tyskland.



Byglendingar og anna godtfolk klar til sightseeing i Wien.



Vonheimkoret og Hans Jurgen Wiehe gjer seg klar til gudstenesta i Svenska kyrkan.



Artikkelforfattaren klar for nye opplevingar i storbyen

Fredagen vart nytta til å gjera seg kjend i millionbyen. Bare det å lære seg å reise med metroen som går hit og dit i fleire høgder over byen, er ei ny, litt skræmmande, men fantastisk oppleving for mange av oss frå Agders djupe skogar.

Om kvelden var det ein historisk Mozart-konsert i Musikverein Wien, der den verdskjende nyttårskonserten og gjeng føre seg.

Drosje er billeg i Wien, og vi nytta nokre av dei då vi tok oss dit frå hotellet. Då vi samla oss for å gå inn mangla vi Knut





Schöenbrunn er vel ei messe verd..

Gakkestad og Olav Nilsen. Etter kvart dukka dei opp, drosja hadde sett dei av ved kunstnaringgongen!

Laurdag var det litt regn i lufta, men føremiddagen vart godt utnytta til både shopping og vitjing på ymse kafear og konditori, og kvelden på eit ekte vinslott der mykje godt vart fortært av både det eine og det andre.



På kjøretøyet skal storfolk kjennast. Karin Wiehe, Hans Jurgen Wiehe og Tone Sordal framfor slottet i Schöenbrunn.

Sundag føremiddag deltok Vonheimkoret på messe i Svenska kyrkan i Wien. Det er mentalt krevjande å opptre internasjonalt, men det såg ut som alle takla det utan nemneverdige mein eller traumer. Ettervirkningar kan jo enno melde seg.

Svenska kyrkan i Wien er ein liten kyrkjelyd, og vi vart svært godt teke imot av broderfolket. Etter messa var det ymse servering og sosialt samvære.

Om ettermiddagen drog vi til Schöenbrunn. Det er eit kjempestort og flott verdskjent slott, bygd i den tida Østerrike var ei stormakt, og fyrstane i Europa bygde slott for å imponere kvarandre. Prestisje og narraktigheit er ikkje noko nytt. Det skifter berre form.

Ei slik reise kan vere med og gjeve oss nye inntrykk, impulsar og opplevingar. Det er likevel alltid stort å kome heimatt. Kan hende ser ein då det ein har med meir takksamt blikk?

Auskjed med dei gamle sokneråda og velkomen til det nye

Tekst og foto: Olav Nilsen

Onsdag 23.oktober var me samla på Vonheim for å takka av medlemmene i dei gamle sokneråda, og samstundes konstituera det nye soknerådet.

Som kjent vert Bygland sokneråd og Årdal sokneråd no erstatta av eit nytt felles sokneråd for Bygland og Årdal.

På biletet ser med det nye soknerådet for Bygland og Årdal sokn, sitjande frå venstre:

Stian Øina Vestøl, Guro Kvaale Skibsrud, Sigrid Greibrokk, Ånund Eldhuset, Marit Taksdal og Arve Rauk.

Kari Aud Bakke Svenningsen var ikkje tilstades.

Bak står medlemmene av dei to gamle sokneråda Bygland og Årdal.

Frå venstre Ola Arnfinn Arneberg, Inge Olav Fjalestad, Knut Gakkestad, Sigrid Nersten Lunden, Gunnar Gautland, Silje Lien,

Gerd Torhild Helle Aakhus og Tora Vegusdal

Etter eit åpningsord av Knut Gakkestad, eit godt måltid mat og litt orient-

ering, trakk dei gamle soknerådsmedlemmene seg tilbake, og nytt sokneråd vart konstituert.

Det nye soknerådet for Bygland og Årdal sokn får følgjande samansetning:

Leiar: Arve Rauk

Nestleiar: Marit Taksdal

Sekretær: Guro Kvaale Skibsrud

Diakonikontakt: Ånund Eldhuset

Øvrige styremedlemmer: Sigrid Greibrokk og Kari Aud Bakke Svenningsen.

1.varamedlem: Stian Øina Vestøl





Bygland Hornmusikk inviterer til

JULEKONSERT

i Årdal krk. lørdag 7.des. kl 17:00

og

i Bygland krk. søndag 8.des. kl 18:00

Vi vil ha med oss Vonheimkoret og Øyvind Omnes i Årdal
og Kong Hane i Bygland

Håper mange tar seg tid til en førjulsconcert hvor det
garantert blir julestemning.



Årets Konfirmantar

Tekst: Knut Gakkestad. Foto: Tone Nørgarden Gakkestad

Sundag 6. oktober var det gudsteneste i Bygland med presentasjon av dei nye konfirmantane. I år er det 14 konfirmantar, og alle møtte saman med familie. Både gudstenesta og kyrkjekaffien var på Vonheim.

Prest denne dagen var Rune Stormark, og han tala til dei unge på ein god måte.

Det var Siv Tørresen og Gerd Torhild Helle Aakhus som saman med gode hjelparar hadde stella til ein fin kyrkjekaffi med mykje god mat.

Vi var over 50 stykke som hadde ei triveleg ettermiddagstund på Vonheim, og vi vonar at konfirmantane vil få godt utbytte av førebuinga til konfirmasjonen.



Frå venstre: Hanna Elise Limann Berg, Thea Knutsdotter Bygland Kjetså, Patrycja Zielinska, June Vegusdal Wetrhus, Birgit Simonstad Kvaale, Mathea Igelkjøn, Thea Austad Andersen, Ina McShane, Ole Christian Haugland, Ånund André Kjetså Haugslie, Åsmund Moe Nomeland, Alexander Kallhovd, Emil Rosmer og Håkon Camaro Tørresen.

Takk til Knut Gakkestad og Gunnar Gautland

Tekst og foto: Olav Nilsen

I fleire periodar har Knut Gakkestad vore leiar for Bygland sokneråd, og Gunnar Gautland for Årdal sokneråd. Båe har og vore med i Bygland kyrkjelege Fellesråd, Knut som leiar og Gunnar som nestleiar.

Det er ikkje den ting med kyrkja som ikkje desse to karane kan svara på, og gjera greie for. Som om ikkje det var nok kan dei alt av praktisk arbeid og, så då ein del tre skulle fellast rundt om på kyrkjegardane i fjor, var dei på plass der og!

Knut Gakkestad har vore med i soknerådet i minst 20 år, og vore leiar av Bygland sokneråd frå 2011 til 2019.

Like lenge har han vore leiar i Fellesrådet.

Gunnar Gautland har vore med i soknerådet i minst 16 år, og leiar i Årdal sokneråd i 8 år. Like lenge har han vore nestleiar i Fellesrådet.

Sidan 2014 har Årdal sokneråd og Bygland sokneråd hatt felles soknerådsmøte, og det er noko alle partar har vore særst godt nøgd med.

Mykje har endra seg i kyrkje- og kristenliv på desse åra, sier dei. Ikkje minst har mange av dei eldre og trufaste misjons- og kyrkjefolka gått bort, og det har diverre vore lite rekruttering av nye.

Berre i løpet av den siste 8-årsperioden har antal gudstenester vorte hal-

vert, frå minst 1 gudsteneste i veka, til 2 i månaden.

Dei meiner dette er eit stort tilbakesteg, og saknar og den lokale soknepresten, sjølv om ein må vera realist i høve til både folketalsutvikling og endringar i antal gudstenester.

Eiliv Lønningen var den siste lokale soknepresten, og før det igjen Bernt Olav Jensen som alltid var til stades i lokalsamfunnet på ymist vis.

Når det gjeld møteaktivitetar elles seier både Gunnar og Knut at dette ikkje på nokon måte kan samanliknast med korleis det var i deira oppvekst. Det gjeld både i kyrkja og på bedehuset.

Når eg spør kva som må til for å snu denne utviklinga, svarar dei mest i kor: "Det må ei gjennomgripande vekking til!"

På den positive sida held dei samstundes fram at mest alle i den aktuelle aldersgruppa framleis vert kon-

firmert, og at svært mange unge familiar stendig døyper borna sine.

Knut lovar at han vil halde fram som kyrkjjetenar og klokkar i Åraksbø og på Sandnes, og likeiens som klokkar på Tveit.

Elles vil han stø opp om møter og gudstenester i lokalsamfunnet så godt han kan.

Gunnar set stor pris på venene i Vonheimkoret, og det fellesskapet dei har der. Han har jo og ein svært god songstemme, og syng ofte solo med koret. Elles vil og han delta på møter og gudstenester så ofte han har høve til det.

For ikkje lenge sida var dei båe på Byglandsheimen, der Knut heldt andakt og Gunnar song. Slike oppdrag finn dei svært meningsfulle.

Dei er og opptekne av diakoniarbeidet, og gler seg over at prostidiakon Per Emanuelen er i sving att her på Bygland.

Knut er og bibelkontakt, og ønsker seg ei bibelvekking der folk verkeleg oppdagar skattane i Guds ord.

Dei gler seg og over at mange framleis er åpne for dei åndelege spørsmål, at alle kyrkjebygga er i god stand, godt vedlikehaldt, og at alle lyser nymåla og kvite langsetter landevegen - frå Grendi i sør til Tveit i nord.

Me takkar Knut Gakkestad og Gunnar Gautland for lang og tru teneste i kyrkja og i det kristne arbeidet elles, og ønsker dei Guds rike signing over livet vidare.



Konfirmanttur til Knaben helga 25.–27. oktober

Tekst og foto: Kim Andre Nomeland Thørstensen

Liv Åsne Austad Andersen sørger for avreise frå Bygland fredag kl. 17.45.
Evje-elevane vart henta ved Evje barneskule og varer kjøpt inn på Rema 1000.
Me ankom Knaben leirsted ca kl. 20.15.
Romfordeling og mat var kl. 21.15, og ulike grupper fekk ansvar for ulike arbeidsoppgåver.
Så var det "Bli kjent Leiker" kl.21.45, samt navneleiker og stilleleiker.
Så litt fritid fram til ca. 00.30, og ro i leiren kl. 01.00.


Laurdag var det oppvakning kl. 08.00 og frukost 08.30, deretter gruppeoppgaver og undervisning frå kl.09.45
Det vart lagt opp til tre forskjellige poster. Den ein handla om å kople av, "til dømes frå mobilen". Korleis opplever eg meg sjølv og ynskjer å vere for andre? Korleis er tankene og følelsane, for å hjelpe å styre desse i kvardagen?
Morgonstund aleine, for å vere saman med Jesus.

Etterkvart var det aktiviteter inne og ute, der ein kunne velge mellom kanonball, bading eller gåtur til gravane.
Middag var så servert, og så fritid fram til gudstjenesteverksted.
Under gudstjenesteverkstedet skulle konfirmantane deles i grupper, kor dei fekk ansvar for å lage innhold til gudstjenesta som skal haldes på sundag.
Noken skulle lage sang, lese tekster, førebu med pynting, lage bønneemner, skodespel, samt meir.
Når klokka nærma seg 22 vart det duka for lysvandring.
Sundag framførte konfirmantane gudstjenesta, som dei ha førebudd kvelden før.

Så var det rydding og vasking, før avreise med bussen tilbake.



Smørbukk




Det er ikkje greit å gå og venta på jula. I kveld er far og mor på fest i husmorlaget, og Smørbukk og Bjørg er åleine heime. Ho driv og steikjer smultringar, men då Smørbukk lurar seg inn på kjøkenet og vil nappa til seg nokre, er ho over han som hauken.




Smørbukk må nøya seg med å stå og sjå ned i smultgryta, der den eine ringen etter den andre flotnar opp og blir brun og lekker. — Torer du stikka fingrane ned i der? ler Bjørg. — Ja, får eg ei tylft smultringar, skal eg stikka dei ned, alle saman.




— Ver så god, her er smultringane, men ikkje trur eg du torer, seier Bjørg. Smørbukk tek ringane — og stikk dei ned i smultet. — No har eg halde det eg lova! skrattar han, tek smultringane med seg og legg på dør. — Din jukse-pave! ropar Bjørg etter han.



Smørbukk stiltrar seg ut i kammerset og låser døra. — Nam, dette var godt! Men sjå der borte på kommoden ligg alle julegåvene. Skal han lura seg til å opna pakkene og sjå? Jau, freistinga blir for stor. Snart ligg det strøyyd med julepapir utover bordet.



Men brått får han sjå at far og mor kjem borte på vegen. No gjeld det å pakka alt inn att litt bråfort! Smørbukk raskar saman papir og hyssing og merkelappar reint på slump, pakkar inn og knyter i ein rivande fart. Det får våga seg om det blir litt blanda vare. Jau, han rekk så vidt å bli ferdig og koma seg ut or kammerset i tide.



Då julekvelden kjem, blir det vel ei undring! Ho mor får seg slips og ein leikebil, og far får nytt kjøkkenforkle og ei kokebok. I ei pakke som det står "Til Smørbukk" på, er det ei sovedokke, og Bjørg får seg slirekniv og munnspel. — Eg trur nissen må ha vore frampå og blanda julegåvene, smiler far og gløtter bort på Smørbukk.



Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

1. desember. I søndag i advent
Årdal kyrkje kl. 19.00.

Ljosmesse med konfirmantane

Matt 21,1 - 11. "Jesus rid inn i Jerusalem".

Takkoffer: LEGO Romania

7. desember

Jolekonsert i Årdal kyrkje kl. 17.00

Bygland Hornmusikk, Vonheimkoret og Øyvind Omnes

8. desember

Jolekonsert i Bygland kyrkje kl. 18.00

Bygland Hornmusikk og Kong Hane

15. desember

Sandnes kyrkje kl. 18.00

Førjølssamling med Vonheimkoret

24. desember

Jolaftan

Preiketekt: Luk 2,1-20. Joleevangeliet
Byglandsheimen kl. 13.00. Gudsteneste ved Harry Andersen

Årdal kyrkje kl. 14.30. Gudsteneste ved Erik Kjebekk. Takkoffer: Kirkens

Nødhjelp

Bygland kyrkje kl. 16.00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp

25. desember

Joledagen

Sandnes kyrkje kl. 16.00.

Høgtidsgudsteneste. Preiketekt

Joh. 1,1-14. «Ordet vart menneske».

Takkoffer: Kirkens nødhjelp

5. januar

Kristi openberringsdag

Årdal kyrkje Kl. 11:00. Gudsteneste.

Takkoffer: Lego Romania. Preiketekt:

Matt 2,1-12: «Vismennene hyllar

Jesus».

19. januar

3. søndag i openberringstida.

Bygland kyrkje Kl. 11:00. Gudsteneste. Takkoffer: Israelsmisjonen.

Preiketekt: Joh 2,1-11: «Bryllaupet i Kana».

2. februar

5. søndag i openberringstida

Sandnes kyrkje Kl. 14:00. Gudsteneste. Takkoffer: KRIK. Preiketekt: Mark 2,1-12: «Den lamme mannen».

16. februar

Kristi forklarelsesdag

Årdal kyrkje Kl. 16:00. Gudsteneste.

Takkoffer: Byglandsfjord barnekor.

Preiketekt: Matt 17,1-9: «Lær-esveinane får sjå Jesu herlegdom».

1. mars

1. søndag i fastetida

Bygland kyrkje Kl. 11:00. Gudsteneste. Takkoffer: Åpne dører. Preiketekt:

Matt 4,1-11. «Jesus blir freista». Årsfest.

15. mars

3. søndag i fastetida

Sandnes kyrkje Kl. 14:00. Gudsteneste.

Takkoffer: Misjonsalliansen. Preiketekt:

Luk 11,14-28: «Jesu makt over vonde ånder».

29. mars

4. søndag i fastetida.

Årdal kyrkje Kl. 11:00. Gudsteneste.

Preiketekt: Joh 11,45-53: «Planar om å drepa Jesus».

Førjølssamling i Sandnes kyrkje

Tekst: Svein Kleivane

Sundag 15.12 kl. 18.00 i Sandnes kyrkje går den årlege samlinga av stabelen. Det syter Vonheimkoret for. Men vi har alliert oss med gode krefter. Vår dyktige og høgt elska organist Knut Olav Uppstad kjem med lifleg orgelspel. Harry Andersen deler nokre tankar, Fleire er spurt, men har ikkje svara i skrivande stund. Og Vonheimkoret, som no har internasjonal røynsle, men som held deg til norsk spåk inntil vidare. Og dersom du kjem vil det sikkert bli ei triveleg stund med fellesskap, song, musikk og ettertanke. Alt til Herrens pris!

Basar på Vonheim

Tekst: Svein Kleivane

Laurdag 18.01 kl. 17.00 er det duka for basar til inntekt for bedehuset Vonheim på Bygland. Vonheim har vore i bruk i 35 år. Difor trengs det midlar til vedlikehald og oppgradering. Sist sommar vart sørveggen måla, og nokre vindskeier skifta ut. Så kjem det kostnader til forsikring, straum og kommunale avgifter. Byglendingane har i mange omgonger synt ansvar og vilje med bidrag til huset. Det vonar vi også denne gongen. Har du ein gevinst eller tri, tek vi imot med stor takk. Sei frå til under-teikna eller ein i miljøet. Kaffikokaren kjem til å gå på høgtrykk, og mat vert ordna med. Humøret må du taka med sjølv. Det økonomiske kjem til å gå i gamaldagse kontantar, men det er stutt veg til minibanken. Det viktigaste er at DU kjem!

Kompebasar i Årdalshallen

Tekst: Knut Gakkestad. Foto: Tone Nørgarden Gakkestad

Laurdag 28. september gjekk den årvisse kompebasaren til inntekt for Fredheim bedehus av stabelen i Årdalshallen.

Lokalet var fylt opp av store og små, og frivilljuge hadde koka massevis av svært gode komper som dei selde til ein billig penge.

I tillegg var det gode vafler, kaker, kaffi og saft som ein fekk kjøpe. Magne Kjetså heldt ein god andakt, og det var 10 rundar med utlodningar med mange fine gevinster. I tillegg song Byglandsfjord barnekor i to avdelingar. Basaren er eit strålende eksempel på den gode dugnadsanda som er på Byglandsfjord, og som er med å styrke samholdet i bygda.



På biletet ser med Byglandsfjord barnekor i aksjon, under eminent leiing av Else Norunn Greibesland.

Ny prostidiakon i Bygland

Som ein del Byglendingar kan hende allereie har lagt merke til er vår tidlegare prostidiakon Per Emauelsen attende i manesjen.

Han har allereie arbeidd ein periode i Valle og Bykle, men så fann med ut at me likegodt kunne få han til å stoppa på Bygland når han likevel køyrde forbi. Så frametter vil han stort sett vera i Bygland kvar torsdag i partalsveker. Me kjem attende med meir informasjon og eit intervju i Kyrkjebladets påskenummer. Oppdatert informasjon om telefon og mail til Per Emanuelsen finn du i høgre spalte heilt nederst på denne sida.

Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune:37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon:473 28 472
E-post: prest@evje.kirken.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon:982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Arve Rauk
Mobil: 464 74411
E-post: arve.rauk@gmail.com

Nestleiar:

Marit Taksdal
Mobil: 414 02881
E-post: taksdal@agder.no

Tilsette

Organist

Britt Haugen472 33 165
Hans Jurgen Wiehe915 47 804
Knut Olav Uppstad (eige firma)
Mobil:400 41041
Mail: uppstad@gmail.com

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid.462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Kim Andre Thorstensen ..984 69 989
Svein Kleivane977 74 321

Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid462 39 056

Klokkar, Austad

Svein Kleivane977 7 4321
Knut Gakkestad948 80 383

Reinholdarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034
Marie Bue (Bygland)482 10 259
Magdalena Bloch
(Sandnes)912 56159
Therese Gautestad
(Austad)901 94676

Prostidiakon

Per Emanuelsen977 19173
Mail: pe-em@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



Vinterstemning i Syrdalen
Foto: Tone Norgarden Gakkestad